

**INNSPEL
til
ADHOC-UTVALET
(nedsett av kommunestyret i Haram)**

vedrørende nedlegging og omorganisering av
HARAM KVILEHEIM
(pleie og omsorg)

frå
PERSONALET
på
HARAM KVILEHEIM

FØLELSAR---FORNUFT---KUNNSKAP

FØLELSAR:

Det har blitt uttalt at Øyafolk er sterkt prega av føelsar iforhold til dette med nedlegging av kvileheimen... og Ja! Her er masse føelsar: Vedtaket om omorganisering som er gjort, fører til endra livssituasjon for dei eldre, for dei tilsette, for pårørande.. Ikkje mindre enn 40 familiar vert direkte ramma av dette.. og gjer kvardagskabalane meir kompliserte og belastande.. jaudå.. Det kokar av engasjement no på øyane. Kollegaer på fastlandet stiller seg òg undrande til bestemmelsane, og enkelte brukarar begynner å bli engstelege...

Kor blir det av ei verdig eldreomsorg hvis dei eldre må forlate heimane sine og nærmiljøet med pårørande rundt seg, kanskje minst 10 år tidlegare enn nødvendig..?

FORNUFT:

MEN... me har og massevis av fornuft.. Trygghet for dei hjelpetrengande er avgjerande Men.. me ser ikkje det fornuftige i å byggje om kvileheimen til **Ubemanna omsorgsbustader** som få vil bu i ! Kvifor skal me byggje ein plass ingen trur at nokon vil bu.. !!?

Idag har Longva 5 ubemanna omsorgsboligar som ikkje vert disponert av eldre.

Treng vi fleire ubemanna oms leil..? Tryggheten blir mangelvare når dei eldre ikkje er sikra kontinuerlig tilgjengeleg heildøgns bemanning. I tillegg vert rammene for eit dagleg sosialt liv med fellesmåltid, fellesarena med aktiviteter og tilbod reduserte, eller kan forsvinne heilt hvis boligane ikkje er knytta opp imot eit lett tilgjengeleg dagsenter/base, etc..

KUNNSKAP:

har me og.. 15 fast tilsette + minst 5-10 vikarer, hovedsakleg sjukepleiarar og helsefagarbeidarar har kompetanse i form av erfart kunnskap og utdanning. Frå over 30 års erfaring til nyutdanna personell, + lege som annakvar veke har to til tre timers tilsyn.

TRYGGHET--- KOMPETANSE--- ARBEIDSPLASSAR:

TRYGGHET:

Me vil sjølv sagt ikkje at dei eldre på øyane skal miste tryggheita si, som handlar om å få ei verdig eldreomsorg nær heimplassen sin i nest siste fase av livet..

Brukarane treng trygghet med tilgjengeleg bemanning og bør ha 24/7 for at dei skal ville bu i omsorgsbustadane.. Det er trygghet og kompetanse og det sosiale rundt felles matbord som brukarane og familiane kjøper seg når dei flyttar dei eldre til omsorgsbustader, som pr idag er knytta til kvileheimen. (og seinare forhåpentleg knytta til bemanna omsorgsbustader med hbo base og dagsenter :-))

Kommunevedtaket om nedlegging og ombygging av Haram kvileheim, medfører at ca 12-20 brukarar må flytte til fastlandet, og dei fleste tilsette får tilbod om å fylgje etter. Korleis blir då dette for dei eldre og dei tilsette og alle desse sine familiarar.. ?

Pårørande:

1 døme; yrkesaktiv familiepar med foreldre som treng hjelp frå helseharam: eks far på inst/omsb på fastlandet, mor bur heime og er ikkje i stand til å kjøre bil.. Dotter må hjelpe mor i heimen, besøkje far på fastlandet, evt ta med mor på besøk til far innan rimeleg tid på døgnet som ikkje blir for seint for far eller mor.. ? noko som kan medføre at dotter bør ta seg fri ifrå jobben sin for å rekke ferjer og besøk med retur innan den tida far er våken og i stand til å ta imot besøk, og mor bør nå heimatt innan leggetid.. og hvis då dottera har jobb i helsevesen på fastlandet, og må pendle sjølv tillegg..! Puh... !!!

Det er viktig for livskvaliteten til brukarar og pårørande å leggje tilrette for at dei skal kunne oppretthalde ein god kontakt seg imellom, men den blir redusert pga lang reisetid og ferjer.

Tenk deg situasjonen,:-) Ville du ha blitt flytta til Harøya når du treng meir eldreomsorg..? Kva med dine pårørande, som kanskje må hjelpe kona di i heimen på Vatne og besøkje deg på Harøya.. Håpar Nordøyvegen e kommen og ungane dine har rukke å bli pensjonistar då, så blir kanskje kabalen lettare å få til.. ? ;-)

KOMPETANSE og ARBEIDSPLASSAR:

Minst 20 arbeidarar og 20 bebuarar sine familiar vert direkte ramma her på øyane av denne omstruktureringa (15 faste + vikarer) + personell på HBO, reingjerings personell og tilsynslege, i tillegg til mange andre indirekte berørte.. Dette er mange familiar for øyane og mange skatteytarar til kommunen.

Mange pendlarar generelt rundtom er innstillte på at det er ok å pendle, men korleis jobbar dei? 8-4?
Når det gjeld tilbod om skifte av arbeidsplass for oss , er det

4 komponentar som forvollar og gjer våre tilbod om turnus stillingar på fastlandet mindre attraktive:

1) Turnusjobb: Vi arbeider skiftordning, (som er ei belastning i seg sjølv, helsemessig)
Ekstra belastande ved evt pendling, eit døme:

-etter seinvakt t.d. ferdig kl 22, med ferje kl 22.20, -heime tidlegast mellom kl 23-24. -deretter roe ned, sove, oppatt kl 5 for å nå 6 ferja til tidlegvakt som startar mellom 7og 8.

-Realistisk i lengda..? Nei! Dette krever mykje energi over tid !

Turnus tilrettelagt for oss, har me blitt førespegla av personalansvarleg.

Korleis vil dette fungere? Blir det lengre arbeidsdagar? Eller ekstra arbeidsdagar?

Eller kan arbeidstida bli rekna ifrå og til Austnes..? -slike spørsmål stiller vi oss no..

2) Ferjetider: Vi jobbar helg og helgedagar, og dagvakter pleier å starte i 7-8 tida. Ferjene er ikkje tilrettelag for slik arbeidstid. Dei startar frå Austnes kl 8 søndagar. Ferja kan endre og tilrettelegge avgongar, hvis ein søker om endring i god tid. MEN.. Me kjem alle til å ha ulike turnusar, og truleg ulike helger og vakter. Det blir ikkje 15 pendlarar som har tidleg vakt kvar søndag. Kor mange passasjerer må til for at ferja skal gå tidleg søndagstur..?

3) Pengar, forlenga arbeidstid og krefter: Pendling til fastlandet kostar oss mange kroner og sterkt forlenga arbeidstid, og ekstra energibruk. 2-2.5 timer frå Longva, ca kr 4000 med rabattert ferjekort og drivstoff. + bruk av energi og krefter som ikkje er målbare.

4) Vi har ikkje frivillig valgt jobbar på fastlandet (som medfører pendling)..

-Risikerer kommunen å miste kompetent arbeidskraft?

Konsekvensen av omlegginga kan lett bli at kommunen mister kompetent arbeidskraft av sjukepleiarar og helsefagarbeidarar som kan synest det blir lettare å pendle med hurtigbåt til jobb i Ålesund, og at evt heile familiar flyttar utav kommunen. Behov for helsepersonell finst overalt.

Kommunen vil då få mindre skatteinntekter frå yrkesaktive, medan antal eldre vil auke.. Fagfolk i helsevesen treng kommunen fleire av, ikkje færre..

Korleis vil kommunen best muleg ivareta arbeidskrafa og kompetansen som no finst i pleie og omsorg på øyane.

No har me klaga og sytt og peika på utfordringar.. ;-) MEN.. me har eit positivt forslag til løysing som me har trua på er den beste for alle partar, og me konkluderer med følgjande:

LONGVA OMSORGSENTER=
HBO-BASE +HEILDØGNSBEMANNA (24/7) OMSORGSBUSTADER + DAGSENTER

HBO-BASEN FLYTTAST FRÅ AUSTNES TIL LONGVA?

Personalet på Kvileheimen og tilsynsleggen støttar dette forslaget.

Me trur det er vesentleg å få konsentrert eit senter på Longva med HBO -base..
(kontor kan enkelt tilbyggjast under ombygginga)

Me meiner og at omsynet til brukarane må vege tyngre enn omsynet til pendlarar frå fastlandet i denne saka. Dei fleste som arbeider på kvileheimen og HBO, bur på øyane, og det bli ikkje lengre pendling til Longva enn til Austnes for dei.

Eit argument for å behalde basen på Austnes er hbo-samarbeidet med legane som er i same bygget. Sjølv om det meste av kommunikasjonen med HBO foregår elektronisk, ynskjer legane å fortsetje samarbeidsmøta med HBO kvar 14 dag, og dette kan lett ordnast sjølv om basen vert flytta til Longva.

Tilsynsleggen meiner vidare det er vesentleg med observasjoner som personalet gjer av pasientane langs ved gjennom heile døgnet, for å oppretthalde best mulig medisinsk oppfylging av pasientane. Denne kompetansen vil bli sterkt redusert hvis det blir ubemannata omsb, fordi då vil brukarane berre evt få tilsyn nokre ggr pr dag, og personalet klarar ikkje fange opp like mykje verdifull informasjon frå pasientane.

HEILDØGNSBEMANNING og NATTEVAKT:

No er det aktiv nattevakt kun på Kvileheimen, medan HBO har sovande bakvakt, med mulighet for utrykking inntil 2 timer pr natt.. Med ubemannata omsorgsb kan nattevakt tilbodet framover bli varierande (ustabilt) frå tid til anna, fordi det då blir basert på brukarane sine behov til ei kvar tid. Dette vil gi utrygge signal til potensielle bebuarar og deira pårørande, med spørsmål om dei kan forhalde seg til stabil nattevakts ordning eller ei.

HBO arbeidar no utifrå det vedtaket som er fatta, og prøver å planleggje ei slags nattevaktordning, Vi trur dette gir for usikre signal om eit kontinuerlig nattetilsyn tilbod til potensielle framtidige bebuarar, og at vi derfor treng vedtak på kommunestyreplan om heildøgnsbemannata omsorgsbustader. Slik kan brukarane kjenne trygghet og rammene som skal til for at dei veljer å flytte i omsbolig. Pleie og omsorg vil jo òg spare arbeidstid og pengar når fleire brukarar er under same tak.

Me ser det derfor som heilt vesentleg at det blir gjort eit vedtak på eit høgare, kommunalt plan om heildøgnsbemannata omsorgsbustader, (som vil inkludere fast tilgjengeleg nattevakt).

Minimum for verdig eldreomsorg må vere trygt natt tilbod for dei som treng det.

DAGSENTER:

på Longva er allereie i sving og fungerer etter det me forstår godt. Me trur at ettersom eldrebølgja kjem, vil det bli behov for å utvide tilbodet, både mht antal brukarar og tilrettelagde rom for dette. Dette håpar me ombygginga tek høgde for.

Litt tankar om økonomi og ellers:

Vi har forståelse for at den kommunale pengesekken må fordelast. Kvileheimen må uansett pussast opp, og vi veit at det blir løyvd overføringer frå staten for ombygging til omsorgsbustader.

Omsorgsbustader er billegare for kommunen å drifta enn institusjon. Heildøgnsbemanna omsorgsboligar, hbo base og dagsenter under same tak, vil styrke kvarandre gjensidig. Kor mykje bemanning det vil krevst, kjem an på bebruarane sine behov for helsehjelp, men uansett vil det bli meir bemanning enn ved ubemannna omsorgsbustader..

Det vil som sagt vere lønnsomt for kommunen å omgjere kvileheimen til oms.bustader, men det vil koste nokre fleire kroner å drifta bemanna enn ubemannna. Likevel tru me at å satse på bemanna oms.boligar på øyane, vil lønne seg for kommunen å investere i.

I Haram kommune vil talet på eldre over 80 (eldrebølga) stige frå 2020 til 2030 osv.. Om nokre få år vil behovet for plassar vere aukande, og då skulle ein tru det er viktig å oppretthalde mest muleg kompetanse og boligar med aktuelle tilbod, på øyane.

Vi ser det som viktig at ombygginga av kvileheimen startar umiddelbart etter brukarane har blitt overflytta til Eidet omsorgsarena. Utsetjing vil føre til «spøkelseshus» med forfall..

Kan bygninga gjerast om til omsorgsbustader med mindre, men fleire rom når ein inkluderer fellesareala i vaskerom, kjøkken, etestove, m.m..? Brukarane treng trygghet, ikkje store rom..!!!

Summa summarum:

Kommunestyret kan bestemme seg for å gjere ein liten vri, som vil bety mykje for eldreomsorga, for øyane og ikkje minst for Haram kommune.

Vi vil be adhoc utvalget om å leggje fram forslag til kommunestyret om å omgjere vedtaket om ubemannna omsorgsbustader til

HEILDØGNSBEMANNA OMSORGSBUSTADER på LONGVA

Med håp og ynskjer om ei fortsatt verdig eldre omsorg i Haram..!

**Vennleg helsing
for Personalaet på Haram Kvileheim**

Gunn Astrid Lervåg
verneombud

Rita Kvinge
skrivar